



Prop. 24 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2019 under Justis- og beredskapsdepartementet

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 22. november 2019,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2019.

2 Forslag om endringar

Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekkjer lønn og godtgjersle til tilsette i departementet og lønns- og driftsutgifter til råd og utval. Vidare skal løyvinga dekke driftsutgifter i tillegg til investeringar og utgifter til utviklings-tiltak.

EØS-ordninga

Justis- og beredskapsdepartementet er program-partnar i prioriterte mottakarland for EØS-ordninga, og i desse landa blir det etablert vesentlege justis- og innanriksprogram. Kostnadene til departementet blir refunderte gjennom avtalen

med Financial Mechanism Office (FMO). For 2019 kjem refusjonen til å bli lågare enn budsjettet. Som følgje av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 500 000 kroner, jf. kap. 3400, post 01 Diverse inntekter.

Overføring av hundelova til Landbruks- og matdepartementet – rammeoverføring

Landbruks- og matdepartementet tek over ansvaret for hundelova. Det blir derfor foreslått å overføre 550 000 kroner frå kap. 400, post 01 til kap. 1100, post 01 og 21.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 400, post 01 med 1,1 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Auka tilskot til ENISA

Departementet foreslår å auke løyvinga med 400 000 kroner mot ein reduksjon under kap. 451, post 01 og kap. 451, post 70 for å auke tilskotet til ENISA i 2019, jf. omtale under kap. 451, post 01, og kap. 451, post 70.

Kap. 3400 Justis- og beredskapsdepartementet

Post 01 Diverse inntekter

EØS-ordninga

Justis- og beredskapsdepartementet er programpartner i prioriterte mottakarland for EØS-ordninga, og i desse landa blir det etablert vesentlege justis- og innanriksprogram. Kostnadene til departementet blir refunderte gjennom avtalen med Financial Mechanism Office (FMO). For 2019 kjem refusjonen til å bli lågare enn budsjettet. Som følgje av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 500 000 kroner, jf. kap. 400, post 01 Driftsutgifter.

Kap. 3410 Domstolane

Post 01 Rettsgebyr

Rettsgebyr (R) er eit grunngebyr som blir brukt i utrekninga av betalinga for tenester i offentleg verksemd. Kva dei ulike tenestene skal koste, blir bestemt av grunngebyret R og ein multiplikator. Løyvinga på posten dekker inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med tvistesaker, skjønn, skifte, konkurs, tvangsforretningar m.m.

Gebyrinntektene på posten har auka dei siste åra. Samstundes har effekten av å justere ned overprisa tenester i domstolane vore lågare i 2019 enn det som tidlegare har vore lagt til grunn. Det er derfor venta at inntektene på posten blir høgare enn det ein tidlegare har rekna med.

Basert på ei konkret vurdering av dei nedjusterte gebyra og rekneskapstal foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 79,5 mill. kroner i 2019.

Kap. 414 Forlikråd og andre domsutgifter

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter til godtgjersle og køyregodtgjersle til medlemmer av forlikråda. I tillegg dekker ho utgifter til nødvendige kompetansetiltak.

Utbetalingane på posten er lågare enn budsjettet hittil i år. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 4 mill. kroner i 2019.

Kap. 430 Kriminalomsorga

Post 60 Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde m.m., kan overførast

Løyvinga på posten dekker refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslating frå forvaring og varetektssurrogat. Det er domstolane som avgjer prøvelauslatingar frå forvaring for opphald i institusjon eller kommunal bustad.

Etter ein gjennomgang og ei vurdering av alle sakene som i dag ligg under ordninga, er behovet for løyving på posten blitt oppjustert. Departementet foreslår å auke løyvinga med 14,6 mill. kroner.

Andre rammejusteringar/saker (kap. 2445 Statsbygg, post 31 / kap. 430 Kriminalomsorga, post 45)

I statsbudsjettet for 2019 er det løyvd totalt 18,3 mill. kroner til ei nasjonalt forsterka fellesskapsavdeling i Ila fengsel og forvaringsanstalt. Av desse midlane er 15,8 mill. kroner løyvde på kap. 2445 Statsbygg, post 31, mens 2,5 mill. kroner er løyvde på kap. 430 Kriminalomsorga, post 45. Prosjektet skulle etter planen gjennomførast ved avdeling H og ferdigstillast innan utgangen av 2019, men den prosjekterte løysinga viste seg å ikkje vere eigna. No planlegg ein derfor eit nybygg i tilknytning til avdeling J. Ei mellombels forsterka fellesskapsavdeling vil bli teken i bruk tidleg i 2020. Den permanente løysinga vil vere ferdig i 2021. Den permanente løysinga vil ifølgje anslaga innebere ein meirkostnad på 9 mill. kroner. Meirkostnaden vil bli finansiert som eit brukarfinansiert byggjeprojekt innanfor dei gjeldande budsjetttrammene til Kriminalomsorgsdirektoratet.

Kap. 432 Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorga

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønns- og personalutgifter til tilsette og aspirantar ved Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorga (KRUS), drifts- og leigeutgifter til lokale og utgifter til reiser (inkl. reiser for kursdeltakarar og aspirantar), fagmateriell, inventar og utstyr, lisensar, uniformeffektar m.m. Posten omfattar dessutan utgifter til forskning og utvikling, etter- og vidareutdanning, verksbetjentutdanning og støttefunksjonar.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,2 mill. kroner under kap. 432, post 01, mot ein

tilsvarande auke under kap. 3432, post 03. Auken må sjåast i samanheng med ei fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3432 post 03.

Kap. 3432 Høgskolen og utdanningssenteret for kriminalomsorga

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar bl.a. inntekter frå eigendelen som aspirantane betaler for skulebøker og andre inntekter.

Høgskolen og utdanningssenteret for kriminalomsorga (KRUS) har gitt bistand til Helse- direktoratet sitt overdoseprosjekt EVU. For denne bistanden er KRUS kompensert med inntekter på kap. 3432, post 03. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 2,2 mill. kroner under kap. 3432, post 03, mot ein tilsvarende auke under kap. 432, post 01.

Kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter i Politidirektoratet (POD), politidistrikta, politireserven, dei lokale PST-einingane i politidistrikta og særorgana i politiet, med unntak av Politihøgskolen (PHS) og Politiets tryggingsteneste (PST). Justis- og beredskapsdepartementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3440, post 02.

Store og krevjande etterforskingssaker i politiet

Løyvinga til politiet har auka dei siste åra. Reformarbeid legg likevel beslag på ein betydeleg del av ressursane i politiet, også i 2019. I tillegg gjer digitalisering at politiet må handtere store og krevjande etterforskingssaker, bl.a. saker om nett- overgrep, menneskehandel og bedrageri. Departementet foreslår å auke løyvinga med 30 mill. kroner.

Færre pass

Med bakgrunn i førebelse rekneskapstal og erfaringar frå tidligere år er det venta at det blir lågare etterspurnad etter pass. Departementet foreslår å redusere utgiftene til politiet med 2 mill. kroner i 2019, jf. omtale under kap. 3440, post 01.

Redusert internfakturering i politiet – parallelljustering

Som følge av redusert bruk av fakturering mellom verksemder innanfor politi- og lensmannsetaten, er det venta at det vil bli mindre internfakturering mellom politidistrikt og særorgan. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 01, med 30 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 02.

Anskaffing – omdisponering

Som følge av at det er behov for ein ny bil hos Grensekommisæreren i arbeidet med grensekontroll, foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 01, med 600 000 kroner, mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 448, post 01.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 01, med 2,6 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter – endring i overslag

Løyvinga på posten dekker sideutgifter for politi- og lensmannsetaten i samband med asylsaker, som utgifter til uttransportering i asylsaker og andre utlendingssaker.

Ein reduksjon i talet på asylsøkarar og uttransporteringar av personar utan lovleg opphald gir mindre utgifter til desse formåla i 2019. Vi viser til omtale under kap. 440, post 25. Som følge av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 21, med 10 mill. kroner.

Post 25 Retur av asylsøkarar med avslag og andre utlendingar utan lovleg opphald, overslagsløyving – endring i overslag

Løyvinga på posten dekker dei variable utgiftene til retur av asylsøkarar med avslag, bort- og utviste og såkalla dublinarar. I revidert nasjonalbudsjett 2019 er det lagt til grunn at det vil bli gjennomført om lag 5 000 returar i 2019. Førebelse prognosar viser at talet på returar blir om lag 4 000 i 2019. Dette gir lågare utgifter til uttransporteringar. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 25 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald. I saldert budsjett 2019 vart det løyvd 865,3 mill. kroner til eit nytt beredskaps-senter. På bakgrunn av rekneskapstal og den forventta utviklinga i 2019, mellom anna med framskunda byggeaktivitet, foreslår departementet å auke løyvinga med 210 mill. kroner.

Post 70 Tilskot

Posten inneheld ulike tilskot innanfor generell førebygging av kriminalitet, tilskot til tiltak som kan hjelpe kvinner og menn ut av prostitusjon, støtte til offer for menneskehandel eller vald i nære relasjonar, tilskot til humanitære tiltak retta mot EØS-borgarar og øyremerkte tilskot.

Færre søknader – anslagsendring

Tilskotsordninga for prostitusjons- og menneskehandelsfeltet tok imot søknader på til saman 29,7 mill. kroner i 2019, og det vart fordelt om lag 28,3 mill. kroner. Det er forventta eit mindreforbruk på om lag 8,4 mill. kroner.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å redusere løyvinga på kap. 440, post 70, med totalt 8,4 mill. kroner.

Forseinka prosjekt – anslagsendring

I 2018 og 2019 vart det øyremerkd om lag 700 000 kroner til eit samarbeidsprosjekt mellom Oslo Krisesenter og Bredtveit fengsel for å hjelpe kvinner (innsette) som har vore utsette for vald og overgrep. Fordi prosjektet har blitt forseinka, blir det ikkje utbetalt noko i 2019. Som følgje av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 700 000 kroner.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 70, med 9,1 mill. kroner.

Post 73 Tilskot til EUs grense- og visumfond

Løyvinga dekkjer Noreg sitt bidrag til EUs grense- og visumfond. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 100,3 mill. kroner i 2019. Delar av reduksjonen er ei følgje av at EU har overført det som var sett av i grense- og visumordninga til å utvikle inn- og utreisesystemet EES og framreise-

systemet ETIAS, frå budsjettlinja for grense- og visumordninga til budsjettlinja for IT-byrået eu-LISA.

Noreg vil såleis bli bedt om å betale sin del av midlane som er overførte til eu-LISA, på eit seinare tidspunkt, gjennom kontingenten til eu-LISA.

Kap. 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

Post 01 Gebyr – pass og våpen

Løyvinga på posten dekkjer inntekter frå behandlingsgebyr for pass og våpenløyvingar. Gebyrinntektene vil venteleg gå ned fordi det er produsert færre pass i 2019, jf. omtale under kap. 440, post 01. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 3440, post 01, med 7,5 mill. kroner.

Post 02 Refusjonar – parallelljustering

Som følge av redusert bruk av fakturering mellom verksemder innanfor politi- og lensmannsetaten, er det venta at det vil bli mindre internfakturering i politietaten i 2019. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 30 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01.

Post 06 Gebyr – utlendingssaker – endring i overslag

Løyvinga på posten dekkjer gebyr i samband med søknader om statsborgarskap, familieinnvandring, arbeidsløyve, utdanningsløyve og permanent opphaldsløyve. På bakgrunn av rekneskapstal og den forventta utviklinga i 2019 foreslår departementet å redusere løyvinga med 4,8 mill. kroner.

Post 07 Gebyr – sivile gjeremål – endring i overslag

Løyvinga på posten skal dekke gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet, det vil seie gebyr for tvangsforretningar og forliksrådsbehandling. På bakgrunn av den forventta utviklinga foreslår departementet å redusere løyvinga med 105,7 mill. kroner.

Post 08 Refusjonar frå EUs grense- og visumfond

Posten dekkjer inntektene frå EUs indre tryggleiksfond. Refusjonsutbetalingane vil variere frå år til år og baserer seg på dokumentert forbruk frå støttmottakarar. På bakgrunn av at utbetalinga er forseinka, foreslår departementet å redusere løyvinga med 3,9 mill. kroner.

Kap. 444 Politiets tryggingsteneste (PST)*Post 01 Driftsutgifter, kan overførast*

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter for Den sentrale eininga (DSE) i PST i tillegg til enkelte utgifter knytte til drifta av dei lokale PST-einjingane i politidistrikta. I revidert nasjonalbudsjett 2019 vart det løyvd 162 mill. kroner til PST for å setje tenesta betre i stand til å innhente informasjon i det digitale rommet. Innkjøpsprosessen er forseinka. Departementet foreslår at posten tilførst stikkordet kan overførast.

Kap. 445 Den høgere påtalemyndighet*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker utgifter til lønn og andre driftsutgifter. Det har blitt kjent at Arbeids- og velferdsetaten sidan 2012 har hatt ein feil for- tolking og praktisering av retten til å ta med seg sjukepengar, arbeidsavklaringspengar og pleie- pengar til andre EØS-land. Riksadvokatembetet må så raskt som mogleg ta stilling til dei aktuelle sakene. Det er behov for en sette-Riksadvokat for å følgje opp Nav-sakene. Departementet foreslår på denne bakgrunnen å auke løyvinga med 2 mill. kroner på kap. 445, post 01.

Kap. 448 Grensekommisæreren*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker utgifter til lønn og andre driftsutgifter. Grensekommisæreren har behov for 600 000 kroner til anskaffing av ein ny bil til arbeidet med grensekontroll. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 448, post 01, med 600 000 kroner mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på kap. 440, post 01.

Kap. 451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)*Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 456, post 01*

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for DSB med underliggjande driftseiningar, medrekna Sivilforsvaret, skular og regionkontor. Drifta av avdeling for nød- og beredskapskommunikasjon (NBK) blir dekt over kap. 456, post 01. Større nyinnkjøp m.m. blir rekna som driftsrelaterte kostnader og blir dekte under posten.

Intern overføring av oppgåver

I samband med at ansvaret for Program for forbedring av nødmeldetetenesta (PFN) vart overført til DSB, vart det i Prop. 1 S for 2018–2019 overført 2,3 mill. kroner til kap. 451. Beløpet gjaldt to stillingar frå Redningstenesta. Oppgåvene er overførte til avdeling for nød- og beredskapskommunikasjon i DSB, der løyvinga ligg under kap. 456, post 01.

Departementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 451, post 01, med 2,3 mill. kroner mot ein tilsvarande auke under kap. 456, post 01.

Auka tilskot til ENISA

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 200 000 kroner mot ein tilsvarande auke under kap. 400, post 71, som skal dekke auka tilskot til ENISA i 2019, jf. omtale under kap. 400, post 71 og kap. 451, post 70.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 451, post 01, med 2,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap administrerer skogbrannhelikopterberedskapen i Noreg. Hovudredningssentralen Sør-Noreg koordinerer bruken. Løyvinga på posten dekker bl.a. variable kostnader til flytmar og ekstraordinær beredskap med skogbrannhelikopter.

I 2019 har det vore nødvendig å setje inn ekstra beredskap og flytte helikopter mellom dei delane av landet der det størst fare for skogbrann. Tidleg på sommaren var beredskapen hovudsakeleg i Sør-Noreg, mens det på ettersommaren vart større behov og skogbrannfare langs svenskegrensa frå Østfold til Finnmark.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 13 mill. kroner.

Post 70 Overføringar til private

Norges sivilforsvarsforbund (NSFF) vart avvikla 1.1.2019 då dei lokale sivilforsvarsforeiningane gjekk over til Norsk Totalforsvarsforum. Tilskotet på 200 000 kroner frå DSB til NSFF er derfor ikkje aktuelt i 2019.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 451, post 70, med 200 000 kroner mot ein tilsvarande auke under kap. 400, post 71, som skal

dekke eit auka tilskot til ENISA, jf. omtale under kap. 400, post 71, og kap. 451, post 01.

Kap. 454 Redningshelikoptertenesta

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter, i tillegg til ressursar til oppfølging av prosjektet. Løyvinga inkluderer vidare ein tiltaksplan for dagens Sea King-redningshelikopterflåte, som skal hjelpe til med å oppretthalde drift og god beredskap fram til dei nye redningshelikoptera er tekne i bruk.

Prosjektet for innkjøpet av nye redningshelikopter

Det er stor aktivitet i prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter, bl.a. fordi hjelpemidlane blir testa med trening, noko som er eit viktig arbeid før dei første helikoptera kan setjast i drift. Aktiviteten heng òg saman med forhandlingar med leverandøren som følgje av at framdriftsplanen har blitt justert, jf. Justis- og beredskapsdepartementet sin Prop. 1 S (2019–2020). Det er venta at aktiviteten vil halde fram ut året. På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyvinga med 23,8 mill. kroner.

Tiltaksplan for dagens Sea King-redningshelikopterflåte

Den høge alderen på Sea King-maskinene fører til behov for meir vedlikehald og ein utfordrande driftssituasjon. Det er derfor sett i verk eit eige vedlikehaldsprogram for dagens redningshelikopterflåte for å sikre forsvarleg beredskap og drift fram til alle dei nye redningshelikoptera er på plass. På bakgrunn av at enkelte kostnader knytte til vedlikehald av motorar og komponentar kjem først til neste år, foreslår departementet å redusere løyvinga under kap. 454, post 01, med 40 mill. kroner.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 454, post 01, med 16,2 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten dekker investeringar knytte til kjøp av nye redningshelikopter.

Det tas sikte på å sette dei første helikoptera i drift første halvår 2020, jf. Justis- og beredskapsdepartementets Prop. 1 S (2019-2020). Alle dei nye redningshelikoptera er planlagt å vere i drift i løpet av første halvår 2022. I samband med Stortinget sin behandling av Prop. 101 S (2014-2015) *Endringar i statsbudsjettet 2015 under Justis- og beredskapsdepartementet (reduisert kostnadsramme for anskaffelse av nye redningshelikoptre mv.)*, jf. Innst. 267 S (2014-2015), blei kostnadsramma for kjøp av nye redningshelikopter mv. satt til 14,045 mrd. kroner inkl. mva. Foreløpige beregningar tilseier at denne kan bli overskride, noe som er knytt til bl.a. samla framdrift og økte valutautgifter. I Prop. 101 S (2014-2015) står det at det, på lik linje med det som er vanleg i denne typen kjøp, ikkje er tatt høgde for valutakursusikkerhet i kostnadsramma og at vesentlege endringar i valutakursane kan medføre høgare eller lågare utbetalingar til leverandøren enn det som ligger til grunn for kostnadsramma. Det er fortsatt usikkerhet om kostnadsanslag. Justis- og beredskapsdepartementet vil komme tilbake til saka på egna måte.

Som følgje av at leveringa av dei nye redningshelikoptera er forseinka, må leverandøren betale dagbøter. Samstundes blir avdraga frå Justis- og beredskapsdepartementet til leverandøren lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn. Vidare er utbetringa av landingsplassar ved sjukehus utsett. Det blir òg høgare valutautgifter enn det ein har rekna med. I tillegg er utlegga som Justis- og beredskapsdepartementet har til investeringar i eigedom, bygg og anlegg, venta å bli lågare enn det ein hadde rekna med. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga med 759,3 mill. kroner.

Kap. 455 Redningstenesta

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker kostnader til sentrale element ved redningstenesta, medrekna Hovudredningssentralen (HRS).

Operasjonsromma ved HRS er bemanna av redningsleiarar som får utdanning og autorisasjon ved HRS. HRS er inne i eit generasjonsskifte og utdannar no nye redningsleiarar for å dekke opp for avgang. Det nye personellet må overlapp med dei som skal erstattast, og dette vil i ein overgangssperiode medføre auka kostnader.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 455, post 01, med 1,5 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 455, post 45.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten omfattar utgifter til å engasjere private selskap, t.d. helikopterselskap, og frivillige redningsorganisasjonar i konkrete redningstilfelle, refusjon til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, forbruk og erstatning av tapt materiell m.m. Forbruket på posten er vanskeleg å berekne, sidan utgiftene varierer med talet på og omfanget av redningsaksjonar.

Det er eit auka behov på posten. Årsaka til det er først og fremst hendinga med Viking Sky, som medførte vesentlege utgifter. Utgiftene har i hovudsak gått til innleige av slepebåtar og sivile redningshelikopter under redningsaksjonen. I tillegg har det vore transportkostnader og kostnader i samband med innsatsen til dei frivillige.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 455, post 21, med 6 mill. kroner.

Kap. 456 Nød- og beredskapskommunikasjon

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 451, post 01

Løyvinga på post 01 dekker kostnader til drift av DSBs avdeling for nød- og beredskapskommunikasjon (NBK), inkludert DSBs driftsorganisasjon for støtte og drift av kommunikasjonsentralane og radioterminalane til brann- og redningsvesenet og andre brukarar (BTS/BDO). Vidare dekker løyvinga utgifter til ein fellesfunksjon for å forvalte utstyret som er knytt til Nødnett. For å oppnå semje mellom partane (Politidirektoratet, Helse- og beredskapsdepartementet, Helsetenestas driftsorganisasjon i Nødnett og DSB) har det vore behov for ytterlegare avklaringar om oppgåver som skal løysast av fellesfunksjonen, for å sikre og vidareutvikle dei samvirke- og effektivitetsgevinstane som er oppnådde gjennom innføringa av Nødnett.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 456, post 01, med 15 mill. kroner knytt til fellesfunksjonen, jf. omtale under kap. 3456, post 02 Refusjonar driftsutgifter.

DSB må kunne bidra til å oppretthalde kvaliteten på og ansvaret for Nødnett-tenesta, og vidare følgje opp kontraktar og leverandørar på ein god måte, samstundes som dei justerer bemanninga og omdisponerer ressursar. For å sikre tilstrekkelege ressursar i DSB foreslår departementet å auke løyvinga med 5 mill. kroner under kap. 456, post 01, mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 456, post 21, jf. omtale under kap. 456, post 21 Spesielle driftsutgifter – infrastruktur Nødnett.

Intern overføring av oppgåver

I samband med at ansvaret for Program for forbedring av nødmeldetetenesta (PFN) vart overført til DSB, vart det i Prop. 1 S for 2018–2019 overført 2,3 mill. kroner til kap. 451, jf. omtale under kap. 451, post 01. Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 456, post 01, med 2,3 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 451, post 01.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 456, post 01, med 7,7 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter – infrastruktur Nødnett

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av sentral infrastruktur i Nødnett. Dette inkluderer kostnader til leige av datalinjer og plassering av nytt utstyr i eksisterande basestasjonar, i tillegg til betaling til leverandørar for drift og vedlikehald av basestasjonar, kjernenett og andre sentrale nettverkskomponentar som brukarar i Nødnett kan ha nytte av. Abonnementsavgifta blir fakturert kundane i Nødnett, og inntektene blir førte på kap. 3456, post 01 Abonnementsinntekter.

På grunn av lågare kostnader til site-leige og transmisjon er det venta eit mindreforbruk på posten på 10 mill. kroner. Departementet forslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner under kap. 456, post 21, mot ein tilsvarende auke under kap. 456, post 01, jf. omtale under kap. 456, post 01. Vidare foreslår departementet å redusere løyvinga med 5 mill. kroner under kap. 456, post 21, mot ein tilsvarende auke under kap. 456, post 45, jf. omtale under kap. 456, post 45. Denne auken skal dekke sikringstiltak i Nødnett.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 456, post 21, med 10 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga dekker utgifter til avsluttande aktivitetar og investeringar knytte til utbygginga av trinn 2 av Nødnett. Løyvinga dekker vidare kostnader for tilleggs kjøp av utstyr og funksjonalitet som blir bestilt av Nødnett-brukarar og kjøpt inn gjennom DNK sine avtalar med leverandørar av Nødnett.

Desse kostnadene blir dekte inn av refusjonar på kap. 3456, post 04.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 5 mill. kroner under kap. 456, post 45, jf. omtale under kap. 456, post 21. Auken skal dekke sikringstiltak i Nødnett.

Kap. 3456 Nød- og beredskapskommunikasjon

Post 01 Abonnementsinntekter

Løyvinga omfattar inntektene DSB har frå abonnementsordninga i Nødnett. Stortinget har i Budsjettinnst. S nr. 4 (2004–2005), Innst. S. nr. 104 (2006–2007) og Innst. 371 S (2010–2011) slutta seg til at brukarane skal dekke driftsutgiftene etter kvart som Nødnett blir bygd ut og teke i bruk, og at utgiftene skal dekkast innanfor budsjetttrammene etatane har på det gjeldande tidspunktet.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 3456, post 01, med 7,9 mill. kroner som følgje av auka abonnementsinntekter i Nødnett.

Post 02 Refusjonar driftsutgifter

Løyvinga dekker refusjonar til DSB for enkelte driftskostnader til direktoratet som skal finansierast av brukarbetalingssystemet. Døme på dette er tilskot gjennom deltaking i EU-program og deltaravgift i samband med arrangement. Løyvinga dekker vidare betaling til DSBs driftsorganisasjon for støtte og drift av kommunikasjonssentralane og radioterminalane til brukarane (BTS/BDO). I tillegg inkluderer løyvinga betaling frå nødetatane for fellesfunksjonen som skal forvalte utstyr på kommunikasjonssentralane, og radioterminalar som er knytte til Nødnett. Dei frivillige organisasjonane i redningstenesta som er brukarar av Nødnett, er ikkje omfatta av dette. Deira del skal finansierast over driftsløyvinga til direktoratet.

Sidan brukarbetaling til å dekke utgiftene til fellesfunksjonen blir innført frå 2020, jf. nærmare omtale under kap. 456, post 01, foreslår departementet å redusere løyvinga med 15 mill. kroner.

Kap. 457 Nasjonalt tryggingsorgan

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for Nasjonalt tryggingsorgan (NSM).

Inntektene til NSM har auka betydeleg dei siste åra, med ein tilsvarande auke i utgiftene til

direktoratet. Løyvinga har ikkje reflektert denne endringa. Det er derfor nødvendig å justere løyvingane på kap. 457 og kap. 3457. Vi viser også til omtale i Prop. 1 S (2019–2020), der ein foreslår å auke løyvinga på begge kapitla.

Det er venta at inntektene til NSM i 2019 vil bli 22,5 mill. kroner høgare enn løyvinga, med tilsvarande auka utgifter.

Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 457, post 01, med 22,5 mill. kroner mot ein tilsvarande auke under kap. 3457, post 01.

Kap. 3457 Nasjonalt tryggingsorgan

Post 01 Driftsutgifter

Inntektene til Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) består i hovudsak av medlemsavgifter frå næringslivet til varslingsystemet for digital infrastruktur (VDI), kurs- og konferanseavgifter og brukarbetaling ved tryggleiksgodkjenning av informasjonssystem.

Inntektene til NSM har auka betydeleg dei siste åra, med ein tilsvarande auke i utgiftene til direktoratet. Departementet foreslår å auke løyvinga under kap. 3457, post 01, med 22,5 mill. kroner mot ein tilsvarande auke under kap. 457, post 01.

Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker hovudsakleg utgifter til juridisk bistand i straffesaker til personar som har rett til advokatbistand i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9 a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalte, som fornærma eller som pårørende av eller etterlatne etter den fornærma.

Det kom inn fleire straffesaker i første halvår 2019 enn det gjorde i den same perioden i 2018. På bakgrunn av auken i talet på straffesaker og den forventa utviklinga foreslår departementet å auke løyvinga med 55,8 mill. kroner i 2019.

Kap. 469 Verjemålsordninga

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker godtgjersle til og utgiftsdekking for verjer, jf. verjemålslova § 30. Posten dekker òg godtgjersle til og utgiftsdekking for representantar for einslege mindreårige asylsøkarar i tillegg til nødvendige utgifter til tolk, jf. utlendingslova § 98 f.

Fylkesmennene har dei siste åra i stor grad fasa ut bruken av advokatverje med timebetaling etter offentlig salærsats i saker som ikkje krev juridisk kompetanse. Samstundes har talet på einslege mindreårige asylsøkarar gått ned. Dette har ført til lågare forbruk på posten.

På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 35 mill. kroner i 2019.

Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning

Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving

Posten blir belasta når staten blir dømd til, eller har inngått forlik om, å betale erstatning fordi staten er ansvarleg etter ulovfesta eller lovfesta erstatningsrettslege reglar. Han blir òg belasta når staten betaler ut erstatning utan at det har oppstått usemje rundt erstatningsansvaret i desse sakene. Posten blir vidare nytta til å dekke sakskostnadene til ein motpart og til å dekke tilkomne forseinkingsrenter fram til éin månad etter at ein dom vart rettskraftig.

Med bakgrunn i utbetalingane hittil i år og varsel om moglege utbetalningar resten av året foreslår departementet å redusere løyvinga med 36 mill. kroner i 2019.

Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning

Post 70 Erstatning til valdsoffer, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker erstatning i saker etter valdsoffererstatningslova. Løyvinga på posten er regelstyrt.

Kontoret for valdsoffererstatning har behandla færre saker i 2018 enn venta. Samstundes har talet på innvilga valdsoffererstatningssøknader gått ned.

På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 80 mill. kroner i 2019.

Kap. 474 Konfliktråd

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker driftsutgifter til 22 konfliktråd og til Sekretariatet for konfliktråda (Sfk).

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,3 mill. kroner under kap. 474, post 01, mot ein tilsvarande auke under kap. 3474, post 02. Auken må sjåast i samanheng med fullmakt i

2019 til å overskride løyvinga på kap. 474, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3474, post 02.

Kap. 3474 Konfliktråd

Post 02 Refusjonar

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene konfliktråda har i samband med kurs og konferansar.

Tilsette ved konfliktråda leier rusprosjektet til Trondheim kommune. For bistanden er dei kompenserte med inntekter på kap. 3474, post 02. Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,3 mill. kroner under kap. 3474, post 02, mot ein tilsvarande auke under kap. 474, post 01.

Kap. 480 Svalbardbudsjettet

Post 50 Tilskot

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 480, post 50, med 59,45 mill. kroner. Når det gjeld sjølve svalbardbudsjettet, har departementet desse forslaga:

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 0006 Sysselmannens transportteneste, post 01, med 1,0 mill. kroner. Utgiftene til å utvide seglingssesongen for tenestefartøyet M/S «Polar-syssel» med éin månad i 2019 vart etter forhandlingar 1,0 mill. kroner lågare enn det som vart løyvd i samband med revidert nasjonalbudsjett 2019.

Departementet foreslår å redusere kap. 0007 Tilfeldige utgifter, post 30 Skred- og bustadtiltak, med 35,0 mill. kroner. Skredsikringstiltaka i Longyearbyen er forseinka med eitt år, og utgiftene vil bli forskyvde tilsvarande. Sjå Prop. 1 S (2019–2020) *Svalbardbudsjettet* for fleire opplysningar.

Departementet foreslår å redusere kap. 0019 Meteorologisk institutt – husleige Bjørnøya og Hopen, post 01, med 600 000 kroner. Husleiga i 2019 blir 600 000 kroner lågare enn budsjettert. Den forventa husleiga for 2019 er allereie fakturert og avslutta.

Departementet foreslår å redusere kap. 0022 Skattekontoret, post 01, med 650 000 kroner. Skattekontoret på Svalbard ligg an til eit mindreforbruk på grunn av ledige stillingar.

Departementet foreslår å auke svalbardbudsjettet kap. 3030 Skattar og avgifter, post 01, med 22,2 mill. kroner. Departementet foreslår å redusere svalbardbudsjettet kap. 3035 Tilskot frå statsbudsjettet med 22,2 mill. kroner som ei paral-

lelljustering. Skattekontoret har oppjustert anslaga for skatteinntektene på Svalbard med 22,2 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett.

Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak

Løyvinga på posten dekker utgifter staten har til drift av statlege mottak for asylsøkarar. Prognosen for kor mange asylsøkarar som vil komme til Noreg i 2019, er justert ned frå 3 000 til 2 200 personar. Som følgje av færre asylsøkarar og bebuarar i mottak har UDI redusert kapasiteten. Samstundes har fleire avtalar blitt reforhandla, og ein har gått frå forskotsbetaling til etterskotsbetaling. Dette bidrar til lågare utgifter på posten i 2019.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 51,6 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og omsetjing

Løyvinga på posten dekker utgiftene UDI har i samband med tolking og omsetjing under behandlinga av asylsaker. Som følgje av færre asylsøkarar har UDI gjennomført færre asylintervju enn det som har vore lagt til grunn.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 4,3 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til vertskommunar for asylmottak

Løyvinga på posten dekker utgifter kommunane har til helsetenester, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av asylmottak og omsorgssenter. Som omtalt under post 21 er det venta færre asylsøkarar og dermed færre bebuarar i mottak. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 20,5 mill. kroner.

Post 70 Stønader til bebuarar i asylmottak

Løyvinga på posten dekker økonomiske ytingar til livsopphald og andre nødvendige ytingar for bebuarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølv. Satsane for økonomiske ytingar blir differensierte bl.a. på bakgrunn av søknadsstatus og familiestatus. I tillegg kan bebuarar søke om nødvendige tilleggsytingar ved behov.

Som omtalt under post 21 er det venta at talet på asylsøkarar vil vere lågare enn ein tidlegare rekna med. Det gjer at det er lågare utgifter på posten. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 15 mill. kroner.

Post 72 Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i heimlandet, overslagsløyving

Løyvinga på posten skal bidra til at personar som har fått endeleg avslag på søknad om vern, og andre personar utan lovleg opphald i Noreg returnerer til heimlandet. Løyvinga skal òg leggjast til rette for at flyktningar kan vende tilbake til heimlandet. Posten finansierer stønadsordningar og tilskotsordningar som kan nyttast til informasjons- og motiveringsarbeid som skal bidra til assisterte returar eller tilbakevending frå Noreg. UDI har fått færre søknader om tilskotsmidlar enn det som ligg til grunn for det gjeldande budsjettet.

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2019 blei det varsla at tilskotet til assistert retur ville bli endra, og at dette ville medføre lågare satsar som grunnlag for utbetaling til assisterte returar i 2019. Etter ei ny vurdering er satsane likevel ikkje blitt reduserte, men vidareførte på det same nivået som låg til grunn i Prop. 1 S (2018–2019).

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 1,9 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast

Løyvinga på posten dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar og reiseutgifter for flyktningar som vender tilbake til heimlandet. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktningar. På grunnlag av prognosar om færre flyktningar foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 2 mill. kroner.

Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet

Post 01 Assistert retur frå Noreg for asylsøkarar med avslag, ODA-godkjende utgifter

Visse utgifter på kap. 490, post 01 og 72, knytte til tilrettelegging for at flyktningar skal kunne vende tilbake til heimlandet, og for at personar med avslag på asylsøknad skal kunne returnere, kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Som følgje av prognosar om ein auke i talet på ODA-godkjende returar samanlikna med det som ligg til grunn i revidert nasjonalbudsjett, foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 25 000 kroner.

Post 03 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter

Reiseutgifter og administrative utgifter knytte til reise i International Organization for Migration (IOM), finanserte over kap. 490, post 75, kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

På bakgrunn av foreslåtte endringar på kap. 490, post 75, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 1,8 mill. kroner.

Post 04 Asylmottak, ODA-godkjende utgifter

Visse innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkarar og flyktningar kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. På bakgrunn av foreslåtte endringar på kap. 490, post 21, 60 og 70, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 72 mill. kroner.

Post 05 Refusjonsinntekter

Posten består av refusjon for bruk av UDIs IKT-system i andre verksemder og andre mindre refusjonar. Det er forventa høgare refusjonsinntekter enn tidlegare budsjettet. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 3,1 mill. kroner.

Post 07 Tolking og omsetjing, ODA-godkjende utgifter

Utgifter knytte til tolking, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. På bakgrunn av foreslåtte endringar på kap. 490, post 22, foreslår departe-

mentet å redusere løyvinga på posten med 4,1 mill. kroner.

Post 08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i heimlandet, ODA-godkjende utgifter

Utgifter knytte til reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet sitt eller til eit tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i sentrale opphavs- og transitland og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell bistand i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC. På bakgrunn av dei foreslåtte endringane på kap. 490, post 72, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 1,5 mill. kroner.

Kap. 491 Utlendingsnemnda

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 21

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift av Utlendingsnemnda (UNE). Sidan 2018 har UNE vore oppteken av å nedbemanne organisasjonen på grunn av reduksjonen i talet på asylsøkarar. Nedbemanninga så langt i 2019 har gått raskare enn ein rekna med. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 8 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttast under post 01

Løyvinga på posten dekker utgifter i samband med nemndmøte. Utgiftene så langt i 2019 er lågare enn ein tidlegare rekna med. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 1,5 mill. kroner.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2019 under Justis- og beredskapsdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2019 under Justis- og beredskapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2019 under Justis- og beredskapsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2019 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
400		Justis- og beredskapsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med	1 050 000
		fra kr 473 621 000 til kr 472 571 000	
	71	Tilskudd til internasjonale organisasjoner, forhøyes med	400 000
		fra kr 14 427 000 til kr 14 827 000	
414		Forliksråd og andre domsutgifter	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med	4 000 000
		fra kr 228 968 000 til kr 224 968 000	
430		Kriminalomsorgen	
	60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres,</i> forhøyes med	14 600 000
		fra kr 69 000 000 til kr 83 600 000	
432		Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med	2 242 000
		fra kr 250 156 000 til kr 252 398 000	
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med	2 640 000
		fra kr 18 386 202 000 til kr 18 383 562 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, nedsettes med	10 000 000
		fra kr 113 587 000 til kr 103 587 000	
	25	Retur av asylsøkere med avslag og andre utlendinger uten lovlig opphold, <i>overslagsbevilgning,</i> nedsettes med	25 000 000
		fra kr 103 115 000 til kr 78 115 000	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres,</i> forhøyes med	210 000 000
		fra kr 1 184 480 000 til kr 1 394 480 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	70	Tilskudd, nedsettes med fra kr 72 383 000 til kr 63 263 000	9 120 000
	73	Tilskudd til EUs grense- og visumfond, nedsettes med fra kr 184 000 000 til kr 83 700 000	100 300 000
445		Den høyere påtalemyndighet	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med fra kr 266 996 000 til kr 268 996 000	2 000 000
448		Grensekommisæreren	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med fra kr 5 701 000 til kr 6 341 000	640 000
451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 456, post 01</i> , nedsettes med fra kr 780 483 000 til kr 777 983 000	2 500 000
	21	Spesielle driftsutgifter, forhøyes med fra kr 7 407 000 til kr 20 407 000	13 000 000
	70	Overføringer til private, nedsettes med fra kr 6 698 000 til kr 6 498 000	200 000
454		Redningshelikoptertjenesten	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med fra kr 739 819 000 til kr 723 624 000	16 195 000
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , nedsettes med fra kr 2 637 741 000 til kr 1 878 425 000	759 316 000
455		Redningstjenesten	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med fra kr 111 596 000 til kr 113 096 000	1 500 000
	21	Spesielle driftsutgifter, forhøyes med fra kr 28 202 000 til kr 34 202 000	6 000 000
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , nedsettes med fra kr 5 926 000 til kr 4 426 000	1 500 000
456		Nød- og beredskapskommunikasjon	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 451, post 01</i> , nedsettes med fra kr 146 221 000 til kr 138 521 000	7 700 000
	21	Spesielle driftsutgifter – infrastruktur Nødnett, nedsettes med fra kr 347 517 000 til kr 337 517 000	10 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres,</i> forhøyes med	5 000 000
		fra kr 138 176 000 til kr 143 176 000	
457		Nasjonal Sikkerhetsmyndighet	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med	22 500 000
		fra kr 319 947 000 til kr 342 447 000	
466		Særskilte straffesaksutgifter m.m.	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med	55 781 000
		fra kr 1 087 675 000 til kr 1 143 456 000	
469		Vergemålsordningen	
	21	Spesielle driftsutgifter, nedsettes med	35 000 000
		fra kr 150 000 000 til kr 115 000 000	
471		Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning	
	71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning,</i> nedsettes med	36 042 000
		fra kr 109 633 000 til kr 73 591 000	
473		Statens sivilrettsforvaltning	
	70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning,</i> nedsettes med	80 000 000
		fra kr 350 000 000 til kr 270 000 000	
474		Konfliktråd	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med	2 265 000
		fra kr 141 070 000 til kr 143 335 000	
480		Svalbardbudsjettet	
	50	Tilskudd, nedsettes med	59 450 000
		fra kr 366 484 000 til kr 307 034 000	
490		Utlendingsdirektoratet	
	21	Spesielle driftsutgifter, asylmottak, nedsettes med	51 576 000
		fra kr 705 226 000 til kr 653 650 000	
	22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse, nedsettes med	4 301 000
		fra kr 13 600 000 til kr 9 299 000	
	60	Tilskudd til vertskommuner for asylmottak, nedsettes med	20 496 000
		fra kr 183 726 000 til kr 163 230 000	
	70	Stønader til beboere i asylmottak, nedsettes med	14 975 000
		fra kr 103 059 000 til kr 88 084 000	
	72	Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet, <i>overslagsbevilgning,</i> nedsettes med	1 925 000
		fra kr 62 954 000 til kr 61 029 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	75	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, <i>kan overføres</i> , nedsettes med	1 964 000
		fra kr 20 478 000 til kr 18 514 000	
491		Utlendingsnemnda	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under post 21</i> , nedsettes med	8 000 000
		fra kr 289 744 000 til kr 281 744 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttes under post 1</i> , nedsettes med	1 500 000
		fra kr 10 370 000 til kr 8 870 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3400		Justis- og beredskapsdepartementet	
	01	Diverse inntekter, nedsettes med	500 000
		fra kr 5 483 000 til kr 4 983 000	
3410		Domstolene	
	01	Rettsgebyr, forhøyes med	79 543 000
		fra kr 257 022 000 til kr 336 565 000	
3432		Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter	
	03	Andre inntekter, forhøyes med	2 242 000
		fra kr 1 058 000 til kr 3 300 000	
3440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Gebyr – pass og våpen, nedsettes med	7 500 000
		fra kr 320 956 000 til kr 313 456 000	
	02	Refusjoner mv., nedsettes med	30 000 000
		fra kr 261 224 000 til kr 231 224 000	
	06	Gebyr – utlendingssaker, nedsettes med	4 746 000
		fra kr 267 489 000 til kr 262 743 000	
	07	Gebyr – sivile gjøremål, nedsettes med	105 680 000
		fra kr 1 105 679 000 til kr 999 999 000	
	08	Refusjoner fra EUs grense- og visumfond, nedsettes med	3 900 000
		fra kr 25 958 000 til kr 22 058 000	
3456		Nød- og beredskapskommunikasjon	
	01	Abonnementsinntekter, forhøyes med	7 900 000
		fra kr 345 705 000 til kr 353 605 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	02	Refusjoner driftsutgifter, nedsettes med	15 000 000
		fra kr 39 228 000 til kr 24 228 000	
3457		Nasjonal Sikkerhetsmyndighet	
	01	Driftsinntekter, forhøyes med	22 500 000
		fra kr 11 895 000 til kr 34 395 000	
3474		Konfliktråd	
	02	Refusjoner, forhøyes med	2 265 000
		fra kr 701 000 til kr 2 966 000	
3490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter, forhøyes med	25 000
		fra kr 761 000 til kr 786 000	
	03	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter, nedsettes med	1 774 000
		fra kr 23 626 000 til kr 21 852 000	
	04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter, nedsettes med	71 987 000
		fra kr 380 338 000 til kr 308 351 000	
	05	Refusjonsinntekter, forhøyes med	3 115 000
		fra kr 6 963 000 til kr 10 078 000	
	07	Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter, nedsettes med	4 086 000
		fra kr 12 926 000 til kr 8 840 000	
	08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter, nedsettes med	1 502 000
		fra kr 39 336 000 til kr 37 834 000	

II

Tilføyning av stikkord

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2019 kan tilføye stikkordet «kan overføres» på kap. 444 Politiets Sikkerhetstjeneste (PST), post 01 Driftsutgifter.

